



## Masfjorden Kulturskule

Austfjordvegen 2724

5981 Masfjordnes

Tlf.: 56 16 62 46

E-post: [kulturskulen@masfjorden.kommune.no](mailto:kulturskulen@masfjorden.kommune.no)

Hei!

Har du lyst til å vere med på lage spennande bilete? Fargerike, svart-kvite, morosame, kunstnariske, kreative, eksperimenterande, store, små, på papir, på lerret, med måling, blyant, kol, og mykje meir.

Kulturskulen har plass til deg i kunstgruppa!



Kvar onsdag kl 1415-1545 møttest me på Matre skule. Vibeke Floridon er lærar.

Du får ein unik sjanse til å lære deg viktige teikne- og måleferdigheiter, og det vert lagt vekt på kva du sjølv ynskjer å lære eller bli betre i.

Vi er innom både teikning og måling. Det er varierte tema der du får vere med å bestemme ut frå interesse og kva du ynskjer å utvikle. Det kan vere portrett, skugge, perspektiv, illustrasjon, ulike måleteknikkar i akryl og akvarell og mykje fokus på eksperimentering. Kwart år vil du også få jobbe med sjølvvalde prosjekt og tema, og læraren bistår med rettleiing.



Kurskontingenten er kr. 1213 pr. halvår. Søskenmoderasjon er 30%.  
Kontingentinnkrevjinga skjer gjennom kommunekassen to gongar i året.  
Ein kan og søka redusert elevbetaling.

Les meir om kulturskulen [her](#).

Har du spørsmål? Ta kontakt med Vibeke 93626004

Meld deg på!

Sms til kulturskulen: 97061230

Epost til: [kulturskulen@masfjorden.kommune.no](mailto:kulturskulen@masfjorden.kommune.no)

eller direkte til lærar Vibeke 93626004

**Håpar å sjå deg i kunstgruppa!**

Med helsing  
Frank Kvinge  
Kulturskulerektor/fagleiar kultur

Vibeke Floridon  
Kunstlærer

-----  
Masfjorden kommune, 5981 MASFJORDNES  
Direkte: 5616 6246, Mobil: 97061230, Sentralbord: 5616 6200